

Olje og Energidepartementet  
Postboks 8148 Dep,

0033 Oslo  
Epost: [Postmottak@oed.dep.no](mailto:Postmottak@oed.dep.no)



Kinsarvik, 27. mai 2015

Dykkar ref.

Dykkar brev.

Vår ref.:

## Fråsegn om forslag til endringar i energilova, høyringsnotat dagsett 15.04.2015

Hardanger Energi AS er eit vertikaltintegrert energiselskap som driv med drift av regional- og distribusjonsnett, kraftomsetning, produksjon i tillegg til noko fiber og entreprenørarbeid. Selskapet har områdekonsesjon for kommunane Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin og Jondal. Det geografiske området utgjer 4.037 km<sup>2</sup> eller vel 8 gonger større enn Bergen kommune.

Hardanger Energi har gjennomført 2 fusjonar dei siste 15 åra. Først i 2002 då me fusjonerte inn Ulvik herad sine eigardeler i tidlegare Voss og Omland Energiverk, og samtidig gjennomførte oppkjøp av Granvin herad sine eigardeler i same selskap. I 2010 fusjonerte me inn Jondal kommune sin eigarpost i Jondal Energi AS.

Hardanger Energi AS ser at forslaget om selskapsmessig og funksjonelt skilje er mogeleg å gjennomføra, men at det vert ein auke i kostnader med ny organisering samanlikna med dei kostnadane me har i dag.

Hardanger Energi AS er mest redd for at den gode beredskapen og gjenoppretting som eigne tilsette ved fleire høve har vist, ikkje skal verta dårlegare enn det me har hatt. Hovudpunktet i dette synet går på kva oppgåver som vert lagt til monopolselskapet nett. Dersom det vert ei streng tolking av kva oppgåver som skal liggja innanfor monopolselskapet slik at det vert færre tilsette enn i dag, vil det vera personell som må konkurrera om oppgåver. Eksempelvis kan det tenkjast at ein del av eigne tilsette må arbeida i eit anna nettselskap sitt konsesjonsområde og når det oppstår ei krise i eige konsesjonsområde må det enten vera personell som ikkje kjenner vårt nett som skal stå for reparasjonen, eller det må vera eige personell som i periodar arbeider utanfor området som skal stå for feilrettinga. Konseskvensen av dette er at det kan verta dårlegare effektivitet og seinare gjenoppretting enn kva det elles kunne vorte.

Det er difor eit sterkt ønskje om at omgrepet monopolverksemd må omfatta både administrasjon av nettoppgåver, vaktordning, beredskap og normal drift av nettet. Det er også ønskjeleg, ut frå eit driftsmessig syn, at eige personell skal vera med i investeringsoppgåvene.

Det erfaringar har vist oss, er at når det oppstår større feilsituasjonar i nettet, er det viktig å mobilisera mange tilsette, både ingeniørar, montørar og kontortilsette for at feilretting og

***HARDANGER ENERGI AS, BOKS 33 5782 KINSARVIK***

Telefon 53671600  
Telefaks 53671601

Bankgiro: 1503.36.71897 (OCR)

Bankgiro andre innbetalinga: 1503.22.82560

<http://www.HardangerEnergi.no/>

Føretaksnr. 983 502 601 MVA

[post@HardangerEnergi.no](mailto:post@HardangerEnergi.no)

*"Din lokale energitleverandør!"*



gjennoppretting skal kunne skje så fort som mogeleg samtidig som kundane skal verta informert om det som skjer. Hardanger Energi har hatt ein del naturhendingar som har gitt store feil på nettet vårt, og det har vore avgjerande at me i slike høve har hatt ei god bemanning. Tilbakemeldingane frå kundane har vore veldig gode, og me har eit bestemt inntrykk av at dette er noko som nettkundane er villig til å betala for. Eksempelvis under Dagmar tilbød alle tilsette, som ikkje var reist vekk på joleferie, seg til å gjera ein innsats. Av ca 40 tilsette var om lag 35 tilsette med på arbeidet med å indentifisera, informera og retta feilen, og den mest aktive perioden varde frå 1 joledags kveld til nyårsaftan kl 18 då krisa var avverga. Utan den store innsatsen kunne krisa vorte veldig stor, og det er denne haldninga til å gjera ein ekstrainsats som er veldig viktig for oss og som reglar som kan fremja litt større konkurranse ikkje må øydeleggja denne fantastiske haldninga. Me har eit inntrykk av at dette er ei haldning som er sterkare i mindre selskap enn i større selskap, og som me vil kjempa for skal vera der også i framtida.

Lokale energiverk eller nettselskap spelar også ei viktig rolle for beredskapen i distriktene. Ikkje minst kommunane spelar ei viktig rolle i beredskap, teleselskapet har ei veldig viktig rolle og flerie andre offentlege etatar. For å få til dette viktige samspelet, er det viktig for nettselskapet å ha nok personell som kan utføra dei viktige oppgåver slik at skadeverknadane vert redusert så mykje som mogeleg.

Innleiingsvis i denne uttalen har me også sagt at ei omlegging til selskapsmessig og funksjonelt skilje vil medføra ein del ekstrakostnadar som kundar og eigarar vil få rekninga for. Det er vanskeleg å definera akkurat kva som vil vera ekstrakostnaden med selskapsmessig og funksjonelt skilje då det alt er vedteke reglar som f.eks gjeld det å skilja kundedatabasar, ELHUB, Nordisk Balanseansvarleg og AMS. Men det vil vera ein del eingongkostnadar som uavhengig av dette vil koma som ein del av omlegginga til selskapsmessig og funksjonelt skilje, og det vil i tillegg vera ein del årlege kostnadar som vil koma i tillegg. Mellom anna kan kostnadar til styre og ein større administrasjon utgjera ein betydeleg kostnad som vil slå sterkare ut dess mindre selskapet er.

I høyringsnotatet står det at omlegginga vil kunne medføra ei endring til færre selskap i næringa, og det vert mellom anna vist til at det kan verta samanslåing av nettselskap. Ein av årsakene til ei samanslåing skal vera at små selskap ikkje har økonomiske musklar til å gjennomføra naudsynte investeringar.

Eigenkapitalen i mindre selskap er i mange høve betydelege høgare enn eigenkapitalprosenten i større selskap. Framtidig investeringar i prosent av omsetnaden er stor også i store selskap, som ofte har store selskap eitt eller fleire vekstsentra som skal forsynast med straum. I områder med meir grisgrent busetnad er det ein god del vindmøller og vasskraftverk som har fått konsesjon, og dei lokale netteigarane må syta for at det er nødvendig kapasitet til å få dette ut på nettet. Hardanger Energi er mellom dei selskapa som har mykje ny fornybar vasskraft som skal byggjast ut, og er veldig medvitne på at dette er ei viktig oppgåve som me skal løysa. Selskapet har gått frå å vera gjeldfri til no å ha ei gjeld på ca 175 millionar og om få år vil gjelda for selskapet kunne passera 300 millionar. Me har teke opp gjelda for at me skal gjennomføra utbygging av ny fornybar energi og byggja liner

### ***HARDANGER ENERGI AS, BOKS 33 5782 KINSARVIK***

Telefon 53671600  
Telefaks 53671601

Bankgiro: 1503.36.71897 (OCR)

Bankgiro andre innbetalinga: 1503.22.82560

<http://www.HardangerEnergi.no/>

Føretaksnr. 983 502 601 MVA

post@HardangerEnergi.no

*"Din lokale energitleverandør!"*



som gjer at denne krafta er mogeleg å få inn på sentralnettet. Me har eit godt tilhøve til banken vår, og har ikkje fått noko signal om at det kan vera vanskeleg å få finansiert dei planane som har vore eller er framover i tid.

Me meiner at selskapet vårt er robust og kan løysa dei oppgåvene som eigarar og samfunnet ønskjer at me skal få gjort. Kundane våre har gjennom kundeundersøkingar gitt oss gode tilbakemeldingar der skåren for kor tilfreds kunden er med oss har lege over det større selskap har fått i tilsvarande undersøkingar. Dette handlar i stor grad om det å ha god beredskap der feil vert retta raskt, og at kundar føler seg ivaretekne. Dersom rammevilkår gjer at det vert omdanningar til betydeleg større selskap der det er eit stort senter med veldig mange innbyggjarar, vil dette gje mindre investeringar og ressursar til dei meir grisgrente strøka. Dette kjem til å gå ut over dei områda som våre noverande eigarar ser at me gjer ein god jobb, og dette vil også på sikt gje eit dårlegare tilbod til det distriktet som me arbeider i no. Store selskap si evne til å gjennomføra store investeringar både i tettbygde og grisgrente strøk vil ikkje auka fordi dei vert større. Påstanden vår er at eit mindre selskap med god eigenkapital og inntening har minst like godt grunnlag for å stetta tenester og oppgåver i lokalsamfunnet som det større selskap har, og samtidig ha kundar som er nøgde!

Me er klar over at denne lovendringa ikkje er eit forslag om at det skal verta færre og større selskap, men det handlar om at rammevilkåra vert slik utforma at det sikrar at gode løysingar framleis er mogeleg å få til i heile området. Ei for strengt sett med reglar omkring selskapsmessig og funksjonelt skilje kombinert med andre fordyrande oppgåver kan gje uheldige utslag, og det ønskjer me å påpeike slik at det framleis er opning for gode løysingar som gagnar lokalsamfunn som vårt..

I høyringa er det vist til at kostnaden med små selskap i snitt er 15% høgare pr km nett enn kva kostnaden er for store selskap. Me meiner det er ein feilslutning å konkludera med at berre selskapet vert større, vil kostnaden verta betydeleg mindre. Dei største selskapa er lokalisert i dei største byane der det bur flest innbyggjarar og der det er færre meter nett for kvar nettkunde. Det er difor naturleg at det vert mindre kostnadar i store selskap. I område med mange innbyggjarar er det også lettare å skapa ein marknad for entreprenørtenester enn kva det er i grisgrente strøk, og at bynære strøk på den måte kan dra nytte av ein større konkurranse enn kva det er i meir grisgrente strøk. Me meiner det er det geografiske området selskapet har ansvaret for som vil avgjera om det vert mindre kostnader eller ikkje.

Defo og KS Bedrift har leigd inn ECGroup til å sjå på dette og ECGroup sin konklusjon er:

«Nettselskapenes størrelse har en signifikant forklaringskraft på forskjeller i totaleffektivitet<sup>1</sup>, men ikke for driftseffektivitet

•Organisasjonsform har ingen signifikant forklaringskraft på forskjeller i nettselskapenes effektivitet (verken total-eller driftseffektivitet) «

## ***HARDANGER ENERGI AS, BOKS 33 5782 KINSARVIK***

Telefon 53671600

Bankgiro: 1503.36.71897 (OCR)

Føretaksnr. 983 502 601 MVA

Telefaks 53671601

Bankgiro andre innbetalinga: 1503.22.82560

<http://www.HardangerEnergi.no/>

post@HardangerEnergi.no

*"Din lokale energitleverandør!"*



### **Konklusjon:**

Hardanger Energi vil klare å gjennomføra eit selskapsmessig og funksjonelt skilje, men ser at dette vil medføra større kostnader og fryktar også at ei streng fortolking av reglane for monopolselskapet vil medføra ein svekka beredskap og gjenoppretting. Me meiner at eit selskapsmessig skilje vil vera betre for området me har ansvaret for og som vil gje mindre kostnader overfor kundane våre enn om det i tillegg vert innført funksjonelt skilje. Selskapsmessig skilje vil leggja til rette for ei betre, meir effektiv og mindre byråkratisk styring av selskapa, enn om ein vel å innføra eit krav til selskapsmessig og funksjonelt skilje.

Denne uttalen har vore sendt til arbeidstakarorganisasjonane i Hardanger Energi, og både Fagforbundet, EI&IT og NITO organisasjonane lokalt har gitt tilbakemelding på at dei støttar denne uttalen.

Med vennleg helsing  
HARDANGER ENERGI AS



Harald Sandvik  
-dagleg leiar-

### **Kopi til:**

Styret i Hardanger Energi AS

NITO v/ Aaron Miille; [aaron.miille@hardangerenergi.no](mailto:aaron.miille@hardangerenergi.no)

Fagforbundet v/ Gry Ekkje Jåstad; [gry.jaastad@hardangerenergi.no](mailto:gry.jaastad@hardangerenergi.no)

EI&IT v/ Ingvald Aarsand; [ingvald.aarsand@hardangerenergi.no](mailto:ingvald.aarsand@hardangerenergi.no)

---

### ***HARDANGER ENERGI AS, BOKS 33 5782 KINSARVIK***

Telefon 53671600

Bankgiro: 1503.36.71897 (OCR)

Føretaksnr. 983 502 601 MVA

Telefaks 53671601

Bankgiro andre innbetalinga: 1503.22.82560

<http://www.HardangerEnergi.no/>

[post@HardangerEnergi.no](mailto:post@HardangerEnergi.no)

*"Din lokale energitleverandør!"*

